



## Notat

Dato: 08.05.2015  
Arkivsak: 2014/1299-11  
Saksbehandlar: torslin

---

Til: Karoline Eldøy

Frå: Tore Sløning

---

### **Framlegg til kommunedelplan - E 134 Bakka-Solheim - Etne og Vindafjord kommunar - Kulturminnefagleg fråsegn**

Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå vårt ansvar for å ivareta kulturminneinteressene når det gjeld tiltaka sin verknad på kulturminne og kulturmiljø, har vi fylgt arbeidet med utgreiinga av trasealternativa, og meiner at det har vore ein grundig prosess. Konsekvensutgreiinga av kulturminne og kulturmiljø er omfattande og god, og vi er nøgd med defineringa av dei ulike kulturmiljøa og verdsettinga av dei. Forutan vurderingar kring to tunnelar, står konsekvensutgreiinga i stor grad opp under Statens vegvesen sitt anbefalte forslag for delstrekningane Fikse-Mo (ØA) og Mo-Bakka (ØB).

Vi er nøgd med at ingen av dei framlagte trasealternativa kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne. Med etterhald om dei SEFRAK-registrerte bygningane ved Vassenden, kjem heller ikkje trasealternativa i direkte konflikt med kjente kulturminne frå nyare tid. For å unngå store konfliktar ved eventuelle inngrep i område med høgt potensiale for funn av uregistrerte automatisk freda kulturminne i marka, samt nærføring til kulturminna på Grindheim og Rame, meiner vi at ein må leggje stor vekt på vurderingane i konsekvensutgreiinga. I områder med ny arealbruk i samband med utbygginga av ny E 134, der det er stort potensiale for funn av uregistrerte automatisk freda kulturminne og verneverdige kulturminne frå nyare tid, vil det som nemnd i tidlegare fråsegn bli naudsynt med arkeologiske registreringar for å oppfylle undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Dette må avklarast på reguleringsplannivå, og vi gjer merksam på at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Ettersom Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren, er einig med konsekvensutgreiinga av kulturminne og kulturmiljø, står vi difor også i stor grad opp under Statens vegvesen sitt forslag knytt opp mot delstrekningsalternativa ØA-I og ØB-I. Vi har berre to merknader knytt til dei to tunnelane nemnd i konsekvensutgreiinga.

I høve anbefalinga til vegvesenet på delstrekninga Fikse-Mo, alternativ ØA-I-b, vil traseen skjere gjennom Grallsetelia. Ut frå vår erfaring er det stort potensiale for funn av forhistoriske spor etter jordbruksbusetting og bergkunst i desse områda som i dag er nytta til utmarksbeite og skogbruk. For å unngå eventuelle konfliktar med automatisk freda kulturminne, og for ikkje å punktere ein intakt del av det kulturhistorisk

viktinge landskapet som omkransar bygda i desse liene, vil tunnelalternativet i ØA-I-a vere ei god løysing. Dette er også i samsvar med vurderinga i konsekvensutgreiinga.

Når det gjeld delstrekningsalternativet ØB-I, så ligg det føre to forslag til tunnelstrekk mellom Vad og Grønstad/Hovland. Som det går fram i konsekvensutgreiinga av kulturminne og kulturmiljø, får løysinga med ein noko lengre tunnel i alternativ ØB-I-bcb minst følgjer for kulturminneverdiane på Vad. Dette gjeld i hovudsak omsynet til den freda bygdeborga på Hushaug, registrert i Riksantikvaren sin database Askeladden med id. nr. 90172. Trase langs foten av Hushaug og ein kortare tunnel i alternativ ØB-I-bab, vil få negative følgjer for dette kulturminnet. Saman med tre andre bygdeborgar i Etne, er Hushaug eit element i dei forhistoriske forsvarsverka som omkransar bygda. Som kulturminne består ikkje forhistoriske anlegg av denne typen berre av dei attverande konstruksjonsspora oppå sjølve haugen. Heile haugen har tent som ein del av forsvarsverket, og ein mest mogeleg intakt topografi er eit premiss for at ein i framtida også skal kunne sjå logikken bak plasseringa av bygdeborga. I tillegg til dagens lokalvegar og gardsbusetting langs sør- og vestfoten av Hushaug, vil ein trase i høve alternativ ØB-I-bab med tiltenkt stamvegstandard på nordsida, føre til at nærområda til kulturminnet blir svært nedbygd. Hushaug vil bli liggjande inneklemt med redusert tilgjenge, vesentleg avgrensa frå omgjevnadane. Eit anna aspekt er at det er stort potensiale for funn av ukjente kulturminne i nærlieken av bygdeborga. For ikkje å få omfattande kostnader i samband med eventuelle arkeologiske undersøkingar, samt unngå sterkt skjemmande inngrep ved foten av bygdeborga, vil Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren, rá ifrå løysinga med kort tunnel i alternativ ØB-I-bab. Vår anbefaling er difor alternativ ØB-I-bcb. Dette er også i samsvar med vurderinga i konsekvensutgreiinga.

I samband med kulturminnefagleg vurdering av ny trase for E 134 på delstrekningane Fikse-Mo (ØA) og Mo-Bakka (ØB) i Etne kommune, tilrår Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren, alternativa ØA-I-a og ØB-I-bcb.